

SOGA OM LARS RASMUSSEN EIKEMO

Åse Eikemo Strømme

"Han Lars i Ørrvikjæ"

Lars var fødd 1837, og vart 1862 g.m. Maria Johannesdtr. Leiro f. 1841. Dei budde ei tid som husfolk på Eikemo og fekk då 2 døtre, Gunbjørg f. 1863 og Marta f. 1866. I tunet på Eikemo like bortanfor floren, på høgre sida av vegen som gjekk bort til grinda i bøgarden, ligg tufta etter huset som Lars var tenkt å setja opp. I dag kan ingen svara på om huset vart oppsett og flytta, eller om det berre var tomta som var klargjort. Staden har til alle tider etterpå vorte kalla for Larsa-tuftæ. Her var utgraven og murt kjellar, med trapper som gjekk ned dit. Alt dette er no attfylt med stein og jamna med jorda. 1868 fekk Lars skøyte på Ørrevik ved Evangervatnet, og flytte dit. Her dreiv han med vadmalstampa attmed Evanger-vatnet. Dei neste borna vart fødte her. (*Evangerboka I s.231*)

Lars og Maria hadde desse borna:

- a. Gunbjørg f. 1863, reiste til Amerika 7/7 1892
- b. Marta f. 1866, reiste til Amerika 7/5 1886
- c. Anna f. 1868, g.1891 m. Olav O. Bidne f. 1867, skreddar.
Dei reiste saman til Amerika 4/9 1891.
- d. Brita f. 1871, drukna 1873
- e. Olina (Lena) f. 1873, reiste til Amerika 7/7 1892
- f. Brita (Bertha) f. 1876, reiste til Amerika 3/8 1894
- g. Rasmus f. 1878, reiste til Amerika 3/6 1898
- h. Johanna Maria f. 1882, reiste til Amerika 3/6 1898

Tidspunktet for utreise til Amerika har eg funne i Emigrant-protokollane ved Statsarkivet i Bergen. Dei skriv seg då for Liland eller Ørevik, frå Evanger eller Haus. Frå eit utklipp i "Decora-Posten" frå 1955 har eg funne dette, skrive av dotter hans Gunbjørg f. 1863:

"Frå La Canada, California.

Jeg er født paa Gaarden Eikemo i Eksingedalen. Vi flyttet til Orrevik da jeg var liden. Jeg gik til Rongens Skolehus, hvor Anders Horvei var Lærer. Blev konfirmert i Evangers Kirke og bodde der omkring det meste av min Ungdomstid. Det var vel derfor jeg blev kaldt Gunbjørg Orrevik. I Norge hadde de paa den Tid den Skik at kalde Personer efter det Sted de bodde paa, og da Far kjøbte en Plads i Indre Arne, som blev kaldt Liland, da blev vi alle kaldt Liland.

Jeg er nu Mrs. Birkeland. Blev gift i Dakota i 1895. Min Mand døde i 1904, og siden har jeg været Enke. Bor nu hos min Datter og hendes Mand. De har et pent Hjem og godt Udkomme og bor her nær Los Angeles, saa jeg har det godt i alle Maader, og det trænges, for jeg er nu i mit 92de Aar.

Nu vil jeg sende "Decorah-Posten" til mit Søskenbarn Brita Eikemo i Norge.
Mrs. Jennie Birkeland, 5272 Castle Road"

I 1889 flytte Lars med kone og born til Rødland Nordre gnr. 100 bnr. 2 Liland i Haus kommune i bygda Indre Arne. (Sjå Hausboka s. 479 - Rødland.)

I årsskrift frå Arna Mållag 1995 skriv Erling Aaland mellom anna dette:

" Arbeidsplassane i Arne knytte seg til jordbruket, men det kom etter kvart også andre arbeidsplassar. Ein kan nemna arbeid i handel og små verksemder som etter kvart vaks fram. Av små verksemder som kom på den tida, kan vi nemna at Lars Eikemo starta det som vart kalla ei stampe på Liland i 1878 (?). Ei stampe er ein mekanisk måte å handsama ullfibrane på. Ein slo dei saman for å kunna laga ein grovare tråd som ein brukte til ymse klæde, som vadmél, sengety og liknande. Då han ikkje hadde bru over elva strekte han vaier over, så folk kunne dragast over elva i ein kasse. Ein kan vel seia at det var som ein taubane. I 1900 overtok Sofus Johan Iversen Stuarjo på Liland. Han dreiv sjoddyfabrikk. Fabrikken brann i 1938. Fabrikken låg der Indus er i dag."

I Panteregisteret for Sorenskrivaren i Nordhordland II.A a 21 1893 - 1952 Haus III gnr. 89 - 107 finn eg desse opplysningane om denne eigedomen:

Eigedomen er 15.oktober 1889 skylddelt frå bnr. 1,3,4,5 og 6. Same dag får Lars Rasmussen skøyte på eigedomen for kr. 1600. 1898 23.mai er det datert skøyte frå Lars til veveribestyrer Sofus Iversen for kr. 5000. I 1910 28.12. skøyte frå Sofus Iversen til A/S Lilands Veveri & Spinderei på en væveribygning på dette bruk for kr. 2000. Same dato leigekontrakt frå Sofus Iversen til A/S Lilands Væveri & Spinderei på den grund fabrikkbygningene opptar og på vassdragsrettigheter. I 1926 er det skylddelingsforretning over ein seld parsell til A/S Liland Væveri & Spinderei. Med parsellen fylgjer rett til benyttelse av ein veg over dette bruket, mot at "delta i vedlikeholdet av den og en bro".

Lars bygde seg nytt hus på Liland. Som det syner ovanfor, hadde no fleire av borna hans reist til Amerika. Kona hans Maria døydde 1897. Då sonen hans, han Rasmus, og den yngste dotter hans Johanna Maria gjekk med planar om å reisa over til dei andre syskena sine i Amerika, slo faren fylgje med dei i 1898. Han var då 61 år gamal. Han selde alt han åtte her til lands. Frå eit brev som sonen Rasmus har sendt heimatt, ser det ut til at det gjekk bra med han borte i Amerika. (Sjå nedanfor.)

På Eikemo finst eit bilete av Lars som han har sendt heim. Der er han ute på ski i skogen. Like eins finst det eit større innrama gruppebilete der han Lars er omkransa av alle døtrene sine i fine Amerikakjolar og moderne håfrisyre, saman



Lars med familien.

Utlån av Åase Eikemo Strømme.

med sonen Rasmus. Han Lars er no vorten amerikanar på sine gamle dagar, og sit som ein patriark med stort grått skjegg midt i den staute barneflokket sin. Det er eit vakkert bilete.

Korleis det har gått vidare med denne slekta i Amerika, er for det meste ukjent. Den eine av døtrene hans skulle vistnok vera gift med Ingebrigt Stamnes f. 1870 frå bnr. 7 på Stamnes.

Så lenge den eldste dotter hans Gunbjørg levde, hadde ho årleg brevkontakt med Brita Eikemo, truleg til like før ho døydde mellom 1955-1960. Ho vart svært gamal. Der finst berre nokre få brevark att etter denne korrespondansen, og ein del bilete frå huset hennar og dottera med familien i California. Sidan har ingen høyrte noko meir frå dei.

Nedanfor fylgjer avskrift av brevet som Rasmus Larsson Eikemo (Ørevik) sende heim til søskenbarnet sitt Gunbjørg Eikemo. (Rasmus døydde i ung alder.)

"Laland 29th 1901

Kjære søskenbarn.

Da jeg har haft den glæde at modtage brev ifra dem for en liden tid siden, vil jeg ikke unlade at sende dem nogle ord som svar paa samme. Jeg ser af dit brev at I lever efter omstendighederne vel, hvilket jeg ogsaa kan berette fra os. Dog ser jeg af dit brev at der har foregaaet adskillige forandringer siden den tid da jeg var hjemme.

Det var sørgeligt for Kari og Mons at miste deres lille Ingeborg. Dog ved vi at dem som faar gaa bort til det bedre Hessel medens de er smaa, vil blive sparet fra en god del med sorger og bekymringer som ellers vilde blevet dem til del, om deres liv skulde blevet langt.

Så deres Fader har ogsaa været syglig for længere tid? Jeg er dog glad over at høre at han nu er bedre. Du fortæller intet om din moder. Hvorledes lever hun ?

Jeg ser at Rasmus har allerede stor familie, hvilket er bra saalenge alle faar være friske. Du må hilse ham ifra mig til lykke med sin nye søn.

Fader lever vel. Vi har land her oppe i Minnesota baade jeg og Far, og nu har vi Bertha eller Brita til Husholderske for os. Det er skogland vi har. I vinter hugger jeg tømmer og kører ned om sommeren. Jeg har drevet med murer og smedarbejde, dog mest med muring. I det hele taget har jeg gjort det ganske bra. Jeg og Fader har paa vort land skog for over et tusend dollars. Forøvrigt er det godt Land at avle alslags korn og poteter på. Vi behøver ikke at gjødsle jorden, den bærer god avling alligevel. Lena og Marie er i Chicago, Bertha er her hos os. Gunbjørg er gift som du vet. De lever i Dakota. Martha og Anna ligeledes. Alle lever vel. Martha fik et barn i fjor vinter, men det døde."

(Slutten på brevet manglar).

SPOKANE, WASH. 11TH DEC. 1905

Kjære søskenbarn Gunbjørg

Jeg har længe tenkt at jeg skulde skrive til nogen af eder der hjemme i Norge, men det har blit udsat for tid til anden. Vi har en tung pligt at opfylde, at underrette eder om to dødsfall i vor famelie. Det er faldet i vor lod at miste vor kjære fader og vor eneste broder. Vor fader døde den første august efter omtrent tre fjerdedels aar syglighed. Han døde af et maveonde som ikke kunde helbredes, men han bar sine lidelser med stor tolmodighed, han bare lengtede efter at det skulde komme forandring. Saa det er vor store trøst midt i den tunge sorg at han har fred med Gud og gaaet ind til den evige herlighed. Og Rasmus døde den fjerde november efter at ha været her et par uger. Han var syg sideni fjorvinter og det (...) på ham Han reiste til mange doktorer men tilslut bukkede han under, saa nu ere vi kun søstre igjen....

(Resten av brevet og avsendar manglar)